# Møtereferat

## FAU-Møte 2, skuleåret 2026-2027

**FAU-MØTE 2, skuleåret 2026-27**
Torsdag 1. oktober, kl. 19.30 – 21.00

Frammøteregistrering

| | |
|---|---|
| Sak 11 | **Godkjenning av innkalling**<br><br>Referatet frå sist møte er godkjent.<br>Innkalling godkjent. |
| Sak 12 | **Informasjon frå rektor**<br><br>**Tilsetjingar**<br>Det blir arbeidd med tilsetjingar i ulike stillingar på skulen. Det gjeld kontaktlærar, avdelingsleiar og fagarbeidarar.<br><br>**Økonomi**<br>Rektor arbeider mykje med økonomi og budsjett. Det er 5 millionar i overforbruk pr. august 2026. Det blir arbeidd med å kartlegge dette, og sikre at vi også får dei inntektene vi skal ha gjennom refusjonar, betaling for utleige av lokale osv.<br><br>Budsjettet er delt mellom ulike tenester - SFO, Basen, Grunnskulen og Skyss-ordninga.<br><br>Alt skal inn i GSI-statistikken, som speglar forbruk av timar og ressursar. Tala dannar grunnlag for tilsyn, utarbeiding av offisiell statistikk, budsjett- og planleggingsarbeid i kommunane og skildring av ressurssituasjonen i grunnskuleopplæringa gjennom KOSTRA.<br><br>**Lærebøker**<br>Det blir jobba med å kjøpe inn lærebøker til mellomtrinnet. Det er fleire ulike verk til vurdering, og det er viktig at det er god kvalitet på bøkene og utvalet av bøker.<br><br>**Svalgang / hærverk**<br>Gjennom sommaren og på kveldstid har det vore mykje uønskt aktivitet i svalgangen på baksida av skulen. Det har vore hærverk på mellom anna utelamper, knuste flasker, matrestar og sneipar. Dette er politimeldt, og blir følgt opp vidare.<br>Straumen i støpselet er kopla ut, då dette har vore brukt til lading av mellom anna mobilar og el-sparkesyklar. Benkane er no også fjerna for å sjå om aktiviteten på kveldstid blir mindre.<br><br>Det har vore mykje eldre ungdommar, også frå andre kommunar der i løpet av sommaren og i helgane.<br><br>Rektor oppmodar alle vaksne til å ta turen bak skulen på kveldstur, slik at dette ikkje blir eit vaksenfritt område. |

| | |
|---|---|
| | Det er ønskjeleg at vaksne er meir til stades i området. Det er ikkje Natteravnar i kommunen.<br><br>Mindre barn har vore observerte i området, også seint på kveld/natt. Oppmoding om å snakke med barna om dette.<br><br>**Uteområdet**<br>Det er stor slitasje på uteområdet til skulen. Det er ein stor jobb å få ordna opp i dette, og det er etterslep på vedlikehald over tid. Pr. i dag er det sikring av farlege område som blir gjort, og mange av leikane blir då plukka bort.<br><br>Rektor oppmodar om å setje ned ei arbeidsgruppe som får oversikt over behovet.<br><br>**Elevundersøking**<br>Det skal gjennomførast den nasjonale Elevundersøkinga for 5.-7. trinn. Denne gir ikkje skulen god nok detaljinformasjon på grunn av personvern. Skulen kjem difor til å gjennomføre Læringsmiljøsenteret si Spekter Digital undersøking både haust og vår. Det er ei digital undersøking som ikkje er anonym, men konkret informasjon som går på trivsel på skulen/i klassen. Den blir følgt opp med elevsamtalar med lærar, og igjen utviklingssamtalar med elev og føresette.<br><br>**Øyne**<br>Det er sendt ut informasjon om ungdomsklubben til foreldre. Ungdomsklubben ligg nedom idrettshallen på Valderøya, tidlegare helsestasjon.<br><br>Dei startar opp med dagar som gjeld for 5.-7.klasse.<br><br>**Dysleksikurs**<br>Det var eit vellukka dysleksikurs ved skulen førre veke.<br>Foreldre gir tilbakemelding om at dette var nyttig. Det vart delt eit informasjonsskriv som viser ein samla oversikt over prosedyre, tilbod/kontaktar. Dette blir opplevd som svært nyttig.<br><br>**El-sparkesyklar / trygg skuleveg**<br>Skulen har ikkje ansvaret for ferdsla til skuleområdet, dette er eit foreldreansvar. Det blir opplevd at mange kjem på el-sparkesyklar i stor fart, utan å ta omsyn til medtrafikantar.<br><br>På skuleområdet er det ikkje lov å nytte el-sparkesyklar eller syklar i skuletida. Dersom dette skjer, kan ein kontakte lærar. Ved alvorlege hendingar er det viktig å melde frå.<br><br>Det er pålagt med ansvarsforsikring.<br><br>**Kaldt vatn**<br>Rektor undersøkjer dette vidare.<br>Det har tidlegare vore vassautomatar på skulen, men dette er også noko som må haldast ved like. |

| | |
|---|---|
| | **Førstehjelpsskrin i gymsalen**<br>Det er etterlyst førstehjelpsskrin i gymsalen, både til skulen og IL Valder.<br>IL Valder nyttar gymsalen til mellom anna Allidrett.<br><br>Rektor undersøkjer vidare.<br><br>Leikeutstyr vil framover få ein fast oppmerkt plass i gymsalen. Viktig at dette blir halde ryddig og oversiktleg. |
| Sak 13 | **Haustfest**<br><br>Haustfesten blir 29. oktober 2026.<br><br>Arbeidsgruppa er i gang med planlegginga. Det kjem ut informasjon til foreldre og fordeling av oppgåver.<br><br>Hugs: Elevar i 1. klasse må ha med seg ein vaksen. |
| Sak 14 | **Strukturering av FAU**<br><br>FAU vil organisere arbeidet betre, slik at det blir tydelegare kva oppgåver FAU har. Vi leitar etter ny FAU-leiar, og det tek tid. Den nye leiaren treng ikkje sitje i FAU frå før. Alle må hjelpe til med å finne ein leiar. Vi vil helst unngå å trekke leiar.<br><br>Forslag: Lage fleire skriftlege rutinar som viser kva oppgåver FAU og FAU-leiaren har.<br><br>Bør ein strukturere det slik at kvart klassetrinn har fastsett ansvar for FAU-arrangement?<br><br>Haustfesten: Kan det vere at 1. eller 2. klasse har ansvaret? 1.klassingar må uansett ha med forelder.<br>Årets arbeidsgruppe har laga ei Spond-gruppe med informasjonsskriv, oppskrifter og bilete av leikar. Då blir det lettare for dei som skal arrangere neste år. I år er dei fleste i arbeidsgruppa foreldre i 1. klasse.<br>Kan FAU-representanten for 2. klasse ha ansvaret for å koordinere arbeidsgruppa?<br><br>Det blir eit foreldremøte på nyåret som foreldra sjølve styrer. Ei arbeidsgruppe skal planleggje møtet og velje tema. Beate Standal (2A) og Liv-Hege Roald (5C) er med i gruppa.<br><br>FAU-leiar:<br>Mange er usikre på kva vervet inneber, og melder seg kanskje ikkje av den grunn. Forslag: Byte styre til jul i staden for ved skulestart. Det er også ønskje om ei betre skildring av kva vervet går ut på.<br>FAU samarbeider no tettare med rektor, og det er positivt. Dagens leiar held fram ein periode til og kan hjelpe den nye leiaren i starten. Vi vil helst ikkje trekke leiar, fordi leiaren bør vere ein som ønskjer vervet.<br><br>Forslag: Gå gjennom årshjulet ved skulestart og fordele oppgåvene mellom FAU-medlemmene og klassetrinna. |

| | |
|---|---|
| | Når rutinar blir skrivne ned og delte, blir det lettare for FAU og nye medlemmer å vite kva som skal skje. |
| Sak 15 | **Elevkveld**<br><br>Elevkvelden er for 5.–7. klasse. Foreslått dato er torsdag 12. november 2026. Silje (4C), Gry () og Kenneth (7A), Christina(5A) og Anne Lise(5A), melde seg til komite .<br>Dato må avklarast med skulen og miljøarbeidar.<br><br>Elevkvelden blir arrangert to gonger i året: éin gong om hausten og éin gong om våren. |
| Sak 16 | **Trafikkvakter**<br><br>Trafikkvaktene startar i veke 42. Slik er vekene vedtatt fordelte:<br><br>1.klasse: veke 46 og 3<br>2.klasse: veke 47 og 4<br>3.klasse: veke 48 og 5<br>4.klasse: veke 42 og 50<br>5.klasse: veke 43 og 51<br>6.klasse: veke 44 og 1<br>7.klasse: veke 45 og 2<br><br>I veke 6 og 7 har alle klassetrinna ansvaret saman.<br><br>Viktig å passe på at fordelinga spreier seg utover alle dagane i veka.<br>Vi ønskjer to vakter kvar dag. Lag gjerne ein chat i Spond for klassetrinnet, så blir det lettare å fordele vaktene jamt. |
| Sak 17 | **17. mai 2027**<br><br>Så langt har berre 6A funne nokon til 17. mai-komiteen.<br><br>Om ikkje klassane får valt kandidatar til komiteen er forslaget å kalle inn alle foreldra, eller å trekke kven som skal vere med frå kvar klasse.<br><br>Mykje av dokumentasjonen komiteen treng for å planleggje, er allereie laga.<br><br>Komiteen må vere klar før det første møtet i januar.<br><br>Overskotet frå «Katta i sekken» blir diskutert på neste møte. |
| Sak 18 | **Zip-line**<br><br>FAU har jobba med dette lenge og har fått inn tilbod. Vi søkjer om pengar frå fond og bankar.<br><br>Prisen er 300 000 kr utan mva. Planen er ei dobbel zip-line med matter under og god belysning. |

| | |
|---|---|
| | Elevrådet har ønskt seg dette fleire gonger. Andre skular prioriterer gjerne slikt når dei pussar opp eller byggjer nytt.<br><br>Om det manglar pengar, kan FAU garantere for opptil 250 000 kr. Vi held fram med å søkje om meir pengar.<br><br>FAU stemde over om arbeidet med zip-line skal halde fram, med mål om at ho skal vere ferdig i 2027. Forslaget vart vedteke: 17 stemde for, 1 stemde mot, og 3 var ikkje til stades. |
| Sak 19 | **Støtte til leiker til utebruk.**<br><br>Elevrådet jobbar med saka. Det er viktig å få inn innspel og å velje leiker som varer lenge. |
| Sak 20 | **Eventuelt**<br><br>**Tilgang til kaldt vatn på skulen.**<br>FAU har fått melding om at det er vanskeleg å få tak i kaldt vatn på skulen.<br>Difor lèt ein del barn vere å drikke vatn i skuletida.<br>Rektor undersøkjer dette vidare.<br>Skulen har hatt vassautomatar før, men dei krev vedlikehald. |

Referent Renate Synes